

Styremøte Sogn og Fjordane Sau og Geit, Hotell Loenfjord 21.02.2008

Desse møtte: Halvar Espeseth, Leif Brekken, Brita Einemo Zwart, Margaret Skåre, Lars Olav Vanberg og Eli Berge Ness. Ove Ommundsen var med på siste del av møtet.

Sak 03/08 Referat og meldingar

- Møtereferat frå telefonmøtet
- Innspel til jordbruksforhandlingane, frist NSG 25.01.08. Dette har vore utsendt til alle i styret slik at alle fekk kome med merknader.
- Årsmøte Sogn og Fjordane Bonde- og Småbrukarlag. Eli møtte
- Lammekongress. Margaret og Lars Olav deltok. Dette var ein lærerik og godt gjennomført kongress. Opplegget var svært bra.
- LHMS. Eli deltok for Sau og Geit på møte i Førde. Skal setje fokus på 0-visjonen, ingen dødsulykker i landbruket. Innlegg i aviser og Vestlandsk Landbruk om aktuelle tema ut over heile året. Studiesirklar i 25 kommuner som går på å synleggjere farer på garden. Utdeling av brosjyre under årsmøtet.
- Medisinbruk jfr KSL. Brev frå Nordalsfjord med ønskje om presisering. SFSG viser til tidlegare handsaming og høve til å søkje om dispensasjon.
- Kompetansekrav for å halde småfe. Presisering. Halvar har kontakta Mattilsynet.

Dei som driv gard når kravet tek til å gjelde og ikkje har fått særskilde pålegg av Mattilsynet, vert rekna som kompetente. Det er nye dyrehaldarar som skal kunne vise til at dei har kunnskap om dyrehald. Ommundsen oppfordrar alle til å bruke tid på studiesirklar knytte til den nye saueboka.

- Gjennomgang årsmelding

Sak 04/08 Styremøte med prosjektlearar

Frå 03.03.08 er det to prosjektlearstillingar knytt til småfe i fylket. Begge stillingane er treårige. Ola Søgnesand har teke til på andre året som prosjektlear for Geit i Vekst, og Kjellfrid Støylen startar no som prosjektlear for Framtidsretta Sauehald.

SFSG ønskjer å få til eit møte med det nye styret og begge prosjektlearane så raskt som mogeleg for på best mogeleg måte kunne samordne idear og planer for arbeidet for småfenæringa dette arbeidsåret.

Vedtak: SFSG held det første møtet i arbeidsåret i Gloppen. Det blir program over to dagar.

Halvar kontaktar Ola og Kjellfrid for å avklare datoar. Første kveld blir det synfaring på Kandal Kjøt og eit gardsbesøk i Kandalen. Dette tek Lars Olav ansvar for. Middag og overnatting på Gloppen Hotell. Styremøte og synfaring i driftsbygningar andre dag.

Sak 05/08 Arbeidsplan 2008

Årsmøtet skal vedta arbeidsplan for fylkesstyret for komande arbeidsår.

Styret legg fram denne arbeidsplanen

- Styremøte mars, Gloppen. Nytt styre og prosjektleiarar. Synfaringar.
- Markdag i samarbeid med Forsøksringen og lokallag. Sommar.
- Oppfølging nye småfeholdarar. Samling oktober
- NM gjetarhund Stryn 17.-19. oktober
- Leiarsamling med fagtur, veke 44.
- Informasjonsmøte sauekontrollen. Avlsutval, Nortura og SFSG. Vinter.
- Årsmøte februar 2009.

Vedtak: Styret legg arbeidsplanen fram for årsmøtet til godkjenning.

Sak 06/08 Budsjett 2008

Halvar gjekk gjennom budsjettet. Det er oppsett med utgangspunkt i rekneskapen for 2007.

Vedtak: Styret legg budsjettet for for årsmøtet til godkjenning.

Sak 07/08 Praktisk førebuing til årsmøtet 22. og 23. februar

Gjennomgang arbeidsfordeling under årsmøtet. Ove Ommundsen kan leie festmiddagen fredag kveld. Gjennomgang program.

Møtet slutt.

Ref. E.B.N